

Til

Vinje Kommune
v/ Kristian Rantala

Frå

IL Rein, Haukelirennnet
v/styret

Sjå for deg ein solfylt aprildag. Det er vindstille i fjellet. Det er blå himmel. Gradestokken går frå minus til pluss. Skiføret er magisk og det er berre store smil å sjå. Det er Haukelirennnet det og det er slike dagar dugnadsånden i IL Rein arbeidar mot kvart einaste år.

Haukelirennnet søker med dette om økonomisk støtte frå Vinje Kommune til turrennnet me skal arrangere på Haukelifjell 11. april 2026.

Litt om Haukelirennnet og arrangementet:

Haukelirennnet er eit internasjonalt turrenn med nær 1500 deltakarar. Turrennnet blir arrangert på Haukelifjell i april kvart år. Her møtast både eliten, barnefamiliar, mosjonistar og ungdommar til skirenn, og me har ei distanse for alle. Løypetraséen på 32 km slyngar seg gjennom den spektakulære naturen på enden av Hardangervidda, og start og mål er i Haukelifjell skisenter. Dei kvite viddene og den gode stemninga gjer Haukelirennnet til ein folkefest i slutten av april. Målet vårt er å skape rein skiglede for alle.

Deltakarar og publikum frå heile landet samlar seg på Haukelifjell denne helga, og Haukelirennnet er elles godt kjend landet rundt både gjennom media, gode ord og ikkje minst lua vår. Haukelirennnet er slik eit samlingspunkt både for hytteturistar, lokalbefolkning, og andre skiglade. Det er også ein arena for ulike aktørar til å vise seg fram og å skape kontaktar. Me meiner at Haukelirennnet set Vinje kommune på kartet, og er ein arena til å vise fram den flotte naturen og alle ressursane me har å by på.

IL Rein arrangerer Haukelirennnet fullt og heilt på dugnad og alt overskotet går tilbake til idrettslaget og bygda. Det er om lag 140-150 funksjonærar på dugnad i alderen frå ungdomsskulen og oppover. Det er hovudsakleg IL Rein-medlemmar som bidreg, men også ein del andre engasjerer seg. Me er svært stolte av kva me får til i eit lite idrettslag, og kor mange dyktige menneske som er med på laget.

Om bakgrunnen for søknaden

For å arrangere Haukelirennnet er me avhengige av inntekter i form av sponsorat og gode samarbeid. Haukelirennnet har fleire stabile sponsorar, men å arrangere Haukelirennnet krev likevel fleire større inntektskjelder. Haukelirennnet er ei av idrettslagets største inntektskjelder, og målet vårt er at inntektene skal gå tilbake til idrettstilbod og glede for idrettslagsmedlemmane. Me meiner også at

Haukelirennen er eit viktig arrangement for Vinje kommune. Det er eit stort arrangement som er kjend over store delar av landet og som trekker til seg deltakarakar frå aust og vest. For å sikre at me har økonomiske føresetnader til å arrangere søker me derfor om økonomisk stønad frå Vinje kommune.

IL Rein søker om 100.000 kr til gjennomføring av Haukelirennen 2026.

Vedlagt fylgjer årsmelding for Haukelirennen 2025.

Me håpar på positiv tilbakemelding på søknaden snarast råd.

Mvh IL Rein, Haukelirennen
v/ Margit Slåtta Flothyl / styret